

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Valdresrådet	Kommunestyresalen, Vestre Slidre kommune	20.02.2019

Sak nr :

V 5-/-18 Evaluering av organiseringa i Valdres Natur- og kulturpark (VNK)

Bakgrunn

I Regionstyresak 59-/-17 vart nytt 10 årig [handlingsprogram](#) for det regionale samarbeidet i Valdres vedteke. I Regionstyresak 59-/-17 vart oppdaterte [vedtekter](#) vedtekne.

Organiseringa i Valdres Natur- og Kulturpark (VNK) vart endra, det var ulike årsaker til at modellen avart endra, dette finn ein i saken som ligg til grunn for endring. Nokre vesentlege grunnar var:

- Kommunerevisjons påpeiking av delegasjon og fullmakter frå kommunane var uryddig i den gamle modellen
- Mange organ og kravet til offentleglova om opne møter med sakslistar og rett til innsyn. Organa som var: Regionstyre, Styre for Valdres Natur- og Kulturpark, Valdresråd, ordførarmøter og rådmanns og ordførarmøter-
- Fleire viktige regionale aktørar hadde ikkje plass i det gamle Valdresrådet
- Agderforskning sin evalueringsrapport [Valdresmodellen](#)
- Ulike rapportar frå [Distriktssenteret](#)

Ny organisering opna for fleire vart representerte i [Valdresrådet](#), liste over dei som er representerte i dag [medlemene i Valdresrådet](#)

[Regionstyret](#) og styret Valdres Natur- og Kulturpark, ordførarmøtet og møtet mellom rådmenn og ordførarar vart eit møte, der agendaen blir delt mellom kommunale oppfølgingssaker og regionrådssaker /utviklingssaker i VNK.

Regional park

VNK er ein regional park i [Europarc](#) systemet, det betyr involvering og samordning. Dei fleste parkane i Europa har mange parkmedlemmer som betalar ei avgift for å delta i det felles arbeidet som skjer gjennom det å vera park. Vi har valt ein modell der medlemmene ikkje betalar avgift for å vera med, men bidreg i samarbeidet med ressursane til den organisasjon dei representerer. Partnerane til VNK er samarbeidspartar, og det er eigne avtalar som regulerer samhandlinga. [Norske parker](#) (NP)er vår nasjonale medlemsorganisasjon, NP er inne att på statsbudsjettet i 2019 med kr. 5 mill.

Partnerskap med Oppland fylkeskommune (OFK)

OFK har partnerskapsavtaler med seks regionar i Oppland om utvikling. Hedmark og Oppland blir slegne saman til Innlandet 1. januar 2020, det blir arbeidd med modellar for korleis det nye Innlandet skal samhandle med regionane, det blir avklara våren 2019. Det er sett ned ei

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Valdresrådet	Kommunestyresalen, Vestre Slidre kommune	20.02.2019

referansegruppe som følger dette arbeidet, Inger Torun Klosbøle deltek frå Valdres. So langt ser det ut til at ein modell tilnærma det me har i oppland i dag blir valt. I samarbeidsavtalen blir koordinering av innsats samt fokus på næringsutvikling vekta.

Prosess for evaluering av organisering

Regionstyret diskuterte evaluering og prosess i RS 69-/-18 og fatta følgjande vedtak:»

- a. Regionstyret set ned ei arbeidsgruppe beståande av: Eivind Brenna og Vidar Eltun med Jørund lunde som sekretær for gruppa. Gruppa førebur ei meiningsutveksling i Valdresrådet den 20. februar om organiseringa i Valdres i Valdres Natur- og kulturpark
- b. Gruppa legg fram for Regionstyret eit forslag til vedtak om organisering og vedtekter for 2020-2024 innan utgangen av mars 2019
- c. Vedtekter 2020-2024 sendes kommunene for endelig vedtak
- d. Endelig vedtak fattes innen 1. juni 2019»

Valdresrådets meiningsutveksling

Som grunnlag for Valdresrådet meiningsutveksling, stiller me fyljande spørsmål:

Diskusjon, styringsmodellen - vart endringa til det betre?

Om modellen er ok, kan vi likevel bli betre:

- Korleis kan bli betre på samhandling?
- Kan Valdresrådet bli ein ennå betre innspels- og koordineringsarena?
- Utfordrar vi partnarane i Valdresrådet nok?

Forslag til vedtak:

Valdresrådet ber Regionstyret ta med seg innspela i det vidare arbeidet

Vedtak:

sign.

Utskrift sendt til

Kommune Valdres Natur- og Kulturpark	Styre, råd, utvalg m.v. Valdresrådet	Møtested Kommunestyresalen, Vestre Slidre kommune	Møte dato 20.02.2019
--	---	--	-------------------------

sign.

Utskrift sendt til